

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022-2033 for Vestland er «Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for berekraftig mobilitet og samfunnsutvikling.»»

Avrøysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 8 røyster (H, Frp, FNB, UA og 1 Sp) og fall. Innstillinga punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (Frp, UA, FNB og 2 H). Innstillinga punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland er: «Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»
2. Stikkordstabell for kva som er viktig for å nå måla i utviklingsplan for Vestland, vert justert slik:
Tillegg under Mål 1: Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet
Tillegg under Mål 1: Redusere reisetid
Endring under Mål 2: Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap
Tillegg under Mål 4: ... og for menneske med nedsett funksjonsevne
3. Fylkesutvalet sluttar seg til framdriftsplanen slik den er skissert i saksframlegget.